

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 01.12.2010
Møtestad: Helse Vest RHF Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvar Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Konst. kommunikasjonsdirektør Elisabeth Huse
Torunn Nilsen referent

Sakliste

118/10 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
119/10 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.11.10
120/10 O	Administrerande direktør si orientering
121/10 B	Rapportering frå verksemda per oktober 2010
122/10 B	Inntektsfordeling 2011 og resultatkrav 2011
123/10 B	Modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde
124/10 B	Regional plan for svangerskap-, fødsel- og barselomsorg i Helse Vest
125/10 B	Lokalisering av regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling
126/10 B	Status for kvalitetssatsinga i Helse Vest
127/10 B	Oppnemning av nytt medlem i Regionalt brukarutval i Helse Vest
128/10 B	Revisjonsrapport - Arbeidsplanlegging - MOT-prosjektet
129/10 B	Revisjonsrapport - Leveranse av helsepersonellvikarar
130/10 B	Instruks for revisjonskomiteen og internrevisjon i Helse Vest
131/10 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 18.oktober 2010
132/10 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 15.november 2010
133/10 B	Eventuelt

118/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styrebehandling av sak 123/10 B Modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde og sak 124/10 B Regional plan for svangerskap-, fødsel- og barselomsorg i Helse Vest ville bli flytta fram i møtet, til etter godkjenning av innkalling, dagsorden og protokoll.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var sendt ut elektronisk og delt ut i møte:

Til AD si orientering:

- Sak 12010 O Vedlegg til AD si orientering pkt 3 - Underskriftskampanje mot nedlegging av Blå Kors poliklinikk Sandnes
- Sak 12010 O Vedlegg AD si orientering pkt 4 - Utkast til veileder 30.11.10 - Styrearbeid i regionale helseforetak, God rolleforståelse og god rolleutøvelse

Til sak 123/10 B Modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde:

- Vedlegg - Uttale frå Regionalt brukarutval

Til sak 124/10 B Regional plan for svangerskap, fødsels og barselomsorg i Helse Vest:

- Vedlegg - Uttale frå Regionalt brukarutval

Til sak 128/10 B Revisjonsrapport - Arbeidsplanlegging (MOT-prosjektet)

- Oppdatert saksførelegg med oppsummering s. 2
- Vedlegg – Notat – Revisjonsrapport – Arbeidsplanlegging – MOT prosjektet

Til sak 129/10 B Revisjonsrapport – leveranse av helsepersonellvikarar

- Vedlegg – Notat – Revisjonsrapport – leveranse av helsepersonellvikarar

Til skriv og meldingar:

- Brev frå HOD til RHF-a, dagsett 23.11.10 "Anmodning om redegjærrelse fra de regionale helseforetakene - fristbrudd og ansvar"
- Brev frå Helse Vest RHF til HF-a, dagsett 23.11.10 "Ekstra tiltak for pasienter som er i fristbrudd"
- Brev frå Advokatfirmaet Harris til Helse Vest RHF, dagsett 16.11.2010 "Gavebrev av 7. januar 1950 – Plikt til å undersøke om institusjon vil overta drift av Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Helse Vest RHF til Advokatfirmaet Harris, dagsett 23.11.2010 "Gavebrev av 7. januar 1950 – Plikt til å undersøke om institusjon vil overta drift av Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Eigersund kommune til Helse Vest RHF, dagsett 17.11.2010 "Helse Vest sitt tilbud til rusavhengige i Dalanere regionen"
- Brev frå Helse Vest RHF til Eigersund kommune, dagsett 22.11.2010 "Svar på brev om Helse Vest sitt tilbud til rusavhengige i Dalanere regionen"
- Brev frå Askøy kommune til Helse Vest RHF, dagsett 12.11.2010 "Askøy Blå Kors Klinikk – Oppsigelse av avtale"
- Brev frå Helse Vest RHF til Askøy kommune, dagsett 18.11.2010 "Svar på brev om Askøy Blå Kors Klinikk"
- Brev frå byprest Rune Skøyen til Helse Vest RHF, dagsett 10.11.2010 "Nedlegging av virksomheter for rusavhengige i Helse Vest"
- Brev frå Helse Vest RHF til byprest Rune Skøyen, dagsett 18.11.2010 "Svar på brev vedrørende kjøp av tjenester innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB)"
- Brev frå Crux Kirkens sosialtjeneste til Helse Vest RHF, dagsett 12.11.2010 "Vedrørende anbud og nedleggelse av behandlingsvirksomheter"
- Brev frå Helse Vest RHF til Crux Kirkens sosial-tjeneste, dagsett 19.11.2010 "Svar på brev vedrørende kjøp av tjenester innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB)"
- Brev frå Crux Kirkens sosialtjeneste til Helse Vest RHF, dagsett 21.11.2010 "Vedrørende anbud og nedleggelse av behandlingsvirksomheter – Takk for svarbrev"
- Brev frå Rio Vest til Helse Vest RHF "Nedlegging og omorganisering av rustjenesten i Rogaland"
- Brev frå Helse Vest RHF til Rio Vest, dagsett 17.11.2010 "Svar på brev med spørsmål om nedleggelse og omorganisering av rus i Helse Vest"

- Brev frå Nordfjordrådet til Helse Vest RHF, dagsett 16.11.2010 "Innspel i samband med Helse Vest si handsaming av HF sin strategiplan for 2020 og HF sin områdeplan for svangerskaps-fødsels-ogbarselomsorg"
- Brev frå Det regionale brukarutvalet i Helse Vest til Helse Vest RHF, dagsett 17.11.2010 "Mangel på kommunikasjon mellom pasient og helsepersonell"
- Brev frå stortingsrepresentant Åge Starheim til Helse Vest RHF, dagsett 23.11.2010 "Vedrørande sak som skal handsamast på styremøte i Helse Vest 1. desember"
- Kopi av brev frå Bengt Georen, kommunelege i Måløy til Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 26.11.2010 "En ny sykehusmodell – forslag om forsøksvirksomhet"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Jæren DPS, dagsett 15.11.10 "Varsel om tilsyn ved Jæren DPS, Post K1 og K2 håndtering av selvmordstruede pasienter"
- Brev frå Sandnes kommune til Helse Vest RHF, dagsett 23.11.10 "Vedrørande oppsigelse og nedleggelse av behandlingsplasser for rusavhengige. Tilbakemelding og vurdering av konsekvenser for Sandnes kommune"
- Kopi av brev frå Nordfjordrådet til Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 26.11.10 "Forslag frå Helse Vest om alternativ modell for Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Nordfjordrådet til Helse Vest RHF, dagsett 26.11.10 "Forslag frå Helse Vest om alternativ modell for Nordfjord sjukehus"
- Brev frå advokatfirmaet Harris til Helse Vest RHF, dagsett 29.11.10 "Bevaring av Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Gjesdal kommune til Helse Vest, dagsett 25.11.10 "Nedleggelse av behandlingsplasser for rusavhengige – konsekvenser for tilbudet til brukere i Gjesdal kommune"
- Fråsegn frå kommunejordmødrene i Nordfjord, dagsett 11.11.10 "innspel til områdeplan for svangerskaps- fødsels og barselomsorga i Helse Førde"
- Brev frå Landsforeningen for pårørende innen psykiatri til Helse Vest, dagsett 20.11.10 "Helse Vest må stoppe nedlegging av tilbod innan psykisk helsevern i Helse Førde"

Styreleiar orienterte om 2 nye pkt på AD si orientering:

Pkt 8: Pensjonskostnader 2010

Pkt 9: Møte med KS 1. april 2011

Eventuelt:

Følgjande sak blei meldt til eventuelt:

Orientering om status i høve til anskaffing av tenester innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB) frå private ideelle leverandørar og den vidare prosessen med handtering av klagar og overgangsordningar (TSN)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

119/10 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.11.10

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 3. november 2010.

120/10 B Administrerende direktør si orientering

1 Bruk av korridor plassar i Helse Stavanger

Psykisk helsevern:

- Korridor plassar: Det har i gjennomsnitt vore nytta 0,1 – 0,9 korridorpassar dei siste vekene.

Somatikk:

- Korridor plassar: Det har i gjennomsnitt vore nytta 30 plassar på korridor dei siste vekene og sjukehuset har om lag 60 ferdigbehandla pasientar som ikkje har tilbod i kommunen
- Helse Stavanger klarar framleis ikkje å løfte bruken av pasienthotellet i tråd med mål

Styret ønskte å la rapportering på bruk av korridor plassar i Stavanger gå inn i rapportering frå verksemda frå og med neste styremøte.

2 Bruk av korridor plassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen

Sidan 20. november har det dagleg vore nytta korridor plassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen. 29. november var det 8 pasientar på korridor.

Styret ønskte å la rapportering på bruk av korridor plassar i psykiatrien i Bergen gå inn i rapportering frå verksemda frå og med neste styremøte.

3 Anskaffing av tenester innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB) frå private ideelle leverandørar

Administrasjonen orienterte om status i anskaffingsprosessen. Helse Vest har motteke 2 klagar. Begge klagene vil bli besvarte innan ei veke. Administrasjonen orienterte om at oppstartstidspunkt for dei nye avtalane og verknadstidspunkt for overgangsordningane for dei som ikkje får avtale kan bli endra. Helse Vest er i tett dialog med HF-a knytt til effektane av nye avtalepartnarar og tenestetilbodet.

4 Administrerende direktør si orientering pkt 4 - Rettleiar til styrearbeid i helseføretaksmodellen

Helse- og omsorgsdepartementet har starta eit arbeid med å lage ein rettleiar for styrearbeid i helseføretaksmodellen. Dokumentet skal både vere til opplæring av nye styremedlemmer og gje ei oversikt over gjeldande krav til styra i helseføretaksmodellen.

Styreleiar og nestleiar i dei 4 RHF-styra gav i møte med Helse- og omsorgsdepartementet 17. november sine innspel til første utkast til rettleiar.

I utkast til rettleiar er det signalisert nye krav til styra t.d. innan områda samfunnsansvar, etiske retningslinjer, årsplan, publisering av instruksar og retningslinjer, styret si eigevaluering og fastsetting av leiarløn.

Oppdatert utkast til rettleiar for styrearbeid i helseføretaksmodellen blei delt ut i møtet. Styremedlemmene kan gje innspel til rettleiaren fram til 15. desember. Den endelege rettleiaren vil bli ferdig i januar 2011.

Dokumentet blir no oppdatert og sendt ut til RHF-styra for tilbakemeldingar og innspel. Den endelege rettleiaren blir klar i januar 2011.

5 **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 18.10.10 - 14.11.10**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6 **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 18.10.10 - 14.11.10**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7 **Oversikt over aktuelle høyringar per 14.11.10**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

8 **Pensjonskostnader 2010**

Administrasjonen orienterte om dei rekneskapsmessige konsekvensane av pensjonsreforma i 2010.

Før endringane i tenestepensjonen blei vedtatt, var dei berekna pensjonskostnadene for alle helseføretaka i landet på om lag kr 9,25 mrd for 2010. Det er dette som ligg til grunn for inntektsfordelinga i 2010. Det er no gjort berekningar på effekten av planendringane som følgje av pensjonsreforma, og berekningane viser at effekten er om lag like stor som dei opphavlege pensjonskostnadene. Samla sett vil helseføretaka i landet dermed ikkje ha rekneskapsmessige pensjonskostnader i 2010.

I Prop. 32 S (2010-2011) føreslår regjeringa at delar av kostnadsreduksjonen, tilsvarende kr 4,8 mrd, blir sett som eit overskotskrav for 2010 og blir brukt til å styrke helseføretaka sin eigenkapital. Regjeringa føreslår vidare at den resterande kostnadsreduksjonen på kr 4,45 mrd blir sett mot ein tilsvarende reduksjon i basisramma til dei regionale helseføretaka. For å sikre tilstrekkeleg likviditet til å handtere pensjonspremien og andre utbetalingar ut 2010, blir driftskredittramma auka tilsvarende reduksjonen i basisramma.

Oppsummert gir desse endringane følgjande effekt for dei regionale helseføretaka (tal i heile mill kroner):

	Totalt	Sør-Aust	Vest	Midt	Nord
Får behalde/ overskotskrav	4 800	2 600	900	690	610
Skal trekkast/auka driftskreditt	4 450	2 400	840	640	570
Sum	9 250	5 000	1 740	1 330	1 180

Effekten av endra pensjonskostnad er fordelt på dei regionale helseføretaka basert på fordelingsnøklane i nasjonal inntektsmodell. Den faktiske pensjonskostnad vil kunne avvike i forhold til denne fordelinga. For Helse Vest utgjør dette ein forskjell på kr 125,7 mill som isolert sett gir ein skjerping av resultatkravet.

Styret ønskte å gjere minst mogleg endringar i resultatkrava til HF-a, og slutta seg til å disponere reserven til å dekke denne skjerpinga i morselskapet.

Budsjett og resultatkrav til RHF og HF vil bli justert på styremøtet i januar.

9 **Møte med KS 1. april 2011**

KS i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er inviterte til møte med Helse Vest 1. april kl. 1000 – 1400. Møtet skal vere hos Helse Vest RHF i Stavanger. Agenda for møtet vil bli sendt ut seinare.

Tidspunkt for møte med fylkeskommunane og stortingsbenkane vil bli avklart på eit seinare tidspunkt.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

121/10 B Rapportering frå verksemda per oktober 2010

Oppsummering:

Til dels store endringar i innsattsstyrt finansiering (ISF) frå 2009 til 2010 gjer at det er vanskeleg å samanlikne den somatiske aktiviteten med tilsvarande tall for 2009. Samanlikna med budsjettert aktivitet er den samla DRG-produksjonen per oktober 2,6 % høgare enn det HF-a i sum har budsjettert med.

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per oktober 2010 syner at sjølv om dei gjennomsnittlege ventetidene som forventa gjekk ned frå august til oktober, er dei i hovudsak framleis lengre enn for eit år sidan både innan somatikken, BUP og psykisk helsevern for vaksne. Unnataket er ventande med prioritet innan psykisk helsevern for vaksne som hadde kortare gjennomsnittlege ventetid enn ved utgangen av oktober 2009. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar. I oktober 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 69 % innan somatikk, medan delen låg på 72 % innan psykisk helsevern. Det generelle biletet er at epikrisetidene i regionen har halde seg relativt stabile dei siste 12 månadene.

Akkumulert resultat pr oktober er positivt med kr 152,8 mill som er kr 14,9 mill betre enn budsjettt. Justert for reserve for å sikre usikkerheit er resultatet kr 149,6 mill betre enn budsjettert.

Føretaksgruppa rapporterer samla ei resultatprognose om lag som budsjettert. Justert for reserve gir dette eit resultat som er om lag kr 164 mill over budsjettt. Helse Fonna og Helse Stavanger rapporterer ei realisert omstilling på høvesvis 47 og 54 % medan Helse Førde rapporterer at føretaket så langt har realisert 97 % av forventa effekt av omstillingstiltaka. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover men vurderer samla sett driftskredittramma til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet for føretaksgruppa var 6,1 % pr september og 6,3 % pr oktober. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,2 % i september og 5,4 % pr oktober noko som er ein liten auke frå tala pr august. Sjukemeldt sjukefråvær er pr oktober 1,4 prosentpoeng lågare enn pr oktober i fjor. Brutto månadsverk for føretaksgruppa er 18 540 pr november. Det er ein nedgang på 189 brutto månadsverk samanlikna med oktober og ein auke på 319 brutto månadsverk samanlikna med november i fjor.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i oktober på 83 prosent, 2 prosentpoeng opp i forhold til førre månad.

Styret merka seg den positive utviklinga på økonomien i Helse Stavanger og i Helse Førde og særleg at Helse Førde har 97 % realiseringsgrad på tiltak for å levere eit økonomisk resultat i samsvar med budsjettt.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per 31. oktober 2010 til etterretning.

122/10 B Inntektsfordeling 2011 og resultatkrav 2011

Oppsummering:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 22/6-2010 sak 073/10 B Førebels inntektsfordeling 2011 og førebels resultatkrav 2011. Førebels inntektsfordeling blei vedtatt allereie før sommaren for å gi helseføretaka eit best mogleg grunnlag for arbeidet med budsjett- og omstillingsprosessane. St.prp. nr.1 (2010 – 2011) forslag til statsbudsjett 2011 blei lagt fram den 5. oktober 2010. Administrerande direktør legg hermed fram forslag til endeleg inntektsfordeling 2011 og resultatkrav 2011. Satsingsområda frå 2010 blir vidareført og det blir lagt til 64 millionar til satsing på særskilte område i 2011.

Helseføretaka skal i løpet av desember vedta sine budsjett for 2011. Sak om konsernbudsjett 2011 vil bli lagt fram for styret i februarmøtet 2011.

Statsbudsjettet vil bli behandla av Stortinget i desember d.å. og oppdragsdokumentet 2011 frå Helse- og omsorgsdepartementet er venta å bli oversendt til dei regionale helseføretaka tidleg i januar 2011. Det må derfor takast atterhald for budsjettmessige konsekvensar som måtte komme som følgje av bestillinga frå HOD og eventuelle endringar i statsbudsjettet under Stortinget si behandling.

Vedtak (samrøystes):

1. Fordeling av inntektsramme 2011 på helseføretaka blir vedtatt. Detaljert bestilling for dei enkelte helseføretaka blir lagt i styringsdokument for 2011.

Inntektsramma 2011 fordelt pr. helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2011	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	991 007	510 459	1 650 897	366 777		3 519 140
ISF-pasientar behandla i andre regionar	69 499	22 181	39 925	23 659		155 264
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-19 223	-2 070	-56 191	-7 394		-84 878
SUM, ISF	1 041 283	530 570	1 634 631	383 042	-	3 589 526
SUM, basisramme fordelt etter modell	2 948 312	1 670 613	4 723 501	1 365 043	0	10 707 468
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	362 646	211 158	771 494	202 420	2 964 658	4 512 376
SUM, tildelt inntektsramme 2011 frå RHF	4 352 241	2 412 341	7 129 625	1 950 505	2 964 658	18 809 370

2. Administrerande direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramma. Administrerande direktør får og fullmakt til å fordele på helseføretaka og private ideelle, budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF.
3. Resultatkrav for 2011 blir som følgjer:

Forslag til resultatkrav 2011	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2011	40 000	10 000	160 000	-40 000	11 000	100	40 000	221 100

4. Endelege investeringsrammer for helseføretaka blir fastlagt i budsjett 2011 i styremøte i februar 2011.

123/10 B Modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde

Oppsummering:

Styret i Helse Førde HF har vedtatt ein framtidig modell for somatisk spesialisthelseteneste i Helse Førde HF. Modellen er basert på ein omfattande strategiprosess; *Målbilete og modell for somatisk spesialist-helseteneste i Helse Førde HF mot 2020*:

Saka er oversendt for vidare behandling i styret i Helse Vest RHF.

Helse Vest RHF meiner at modellen slik den er vedtatt av styret i Helse Førde er eit godt svar på dei utfordringane som Helse Førde står ovanfor. Modellen er godt underbygd både fagleg,

økonomisk og med omsyn til ei bærekraftig utvikling. Modellen har også fått brei tilslutning gjennom høyringsprosessen.

Helse Vest RHF legg til grunn at modell 1 vedtatt av styret i Helse Førde ikkje er mogleg å gjennomføre etter dei styringssignala som er mottatt gjennom oppdragsdokument og brev.

Helse Vest RHF har funne det rett å gjere ei brei vurdering av saka der også ein alternativ modell til den modellen styret i Helse Førde har vedtatt blir vurdert. Det er i vurderinga sett hen til relevante nasjonale og regionale utgreiingar og dei styringssignala som er mottatt gjennom oppdragsdokument og brev.

Helse Vest foreslår derfor ein alternativ modell (modell 2) som skal oppfylle følgjande krav/vilkår:

- Dekker "sørge for" ansvaret og stettar krav til fagleg god verksemd
- Kan forsvarast ressursmessig
- Tar omsyn til randsone-problematikken Helse Førde/Helse Sunnmøre (fødetilbod)
- Ligg innanfor handlingsrommet gitt i oppdragsdokument

Styret la vekt på at modellen vil sikre bærekraftige fagmiljø, bærekraftig økonomi og framtidig investeringsevne.

Modellen gjer eit godt grunnlag for å sikre ein moderne og framtidsretta helseteneste, i nært samarbeid med kommunane.

Oversikt over endra reisetider til sjukehus for innbyggjarar som konsekvens av føreslått modell 2 blei delt ut i møtet.

Styremedlem Aslaug Husa fremma forslag til nytt vedtakspunkt 6:

6. Helse Førde må sjå til at nyorganiseringa av spesialisthelsetenesta ikkje medfører oppseiing av fast tilsette medarbeidarar. Ein må sikre at ev. overtallige medarbeidarar får alternative tilbod om arbeid i rimeleg nærleik av bustad.

Votering:

Styret stemte først over forslag til nytt vedtakspunkt 6. Tilleggspunktet fekk 3 stemmer (Aslaug Husa, Reidun Nyborg Johansen og Lise Karin Strømme) og falt.

Styret stemte deretter over vedtakspunkt 1 – 5, som blei vedteke samrøystes.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest slutta seg til organisering av spesialisthelsetenesta i Helse Førde HF i samsvar med modell 2 slik den er beskrive i saksframlegget.
2. Det vil vere sengepostar med indremedisinsk tilbod både på sjukehuset i Lærdal og i Nordfjordeid. Sengepostane er vidareført for å kunne ta seg spesielt godt av den aukande gruppa av pasientar med kronisk sjukdom, også ved akutt forverring av sjukdomen. Helse Førde må sjølv vurdere kva samansetting og kva medisinsk kompetanse som er naudsynt på personalet for å ivareta pasientgruppa, samt etablering av nye desentraliserte tilbod ved sjukehusa.
3. Det blir etablert ein felles fødeavdeling mellom Nordfjordeid og Volda, lokalisert i Volda, med poliklinisk tilbod for gravide ved Nordfjord sjukehus. Dersom kommunane i Nordfjordregionen samla ber om ei jordmorstyrt fødestove, og denne gruppa vert samde med Helse Førde om det, er Helse Vest innstilt på å legge til rette for dette. Dette må avklarast innan 1. februar 2011.
4. Styret i Helse Vest vil be føretaksmøte i Helse Vest om at tidlegare vedtak i føretaksmøte knytt til fødetilbodet i Lærdal dagsett 18. juni 2003 og spesialisthelsetenester i Florø dagsett 15. februar 2008 blir oppheva, og at organisering av det framtidige tilbodet i Lærdal og i Florø blir endra i tråd med modell 2.

5. Helse Vest vil be Helse Førde ta kontakt med kommunane i Indre Sogn og kommunane i Nordfjordregionen for å vurdere samarbeidsløysingar knytt til legevakt og kommunal/interkommunal sengepost lokalisert til lokalsjukehusa.

124/10 B Regional plan for svangerskap-, fødsel- og barselomsorg i Helse Vest

Oppsummering:

Dei fire føretaka i regionen, Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Stavanger har utarbeidd

lokale områdeplanar for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga i sine område, i lag med kommunane.

Desse planane er behandla og godkjente/tatt til orientering av føretaksstyra og dannar basis for den regionale planen.

Den regionale planen for Helse Vest bygger på føringar frå Stortingsmelding nr. 12, Rapporten frå Helsedirektoratet; *Et trygt fødetilbud – forslag til kvalitetskrav til fødeinstitusjoner*, og områdeplanane frå kvart helseføretak.

Den regionale planen gir føringar for det vidare arbeidet med områdeplanane.

I planarbeidet har dei føretaksvisse arbeidsgruppene vore breitt samansett med representantar frå brukarar, fagmiljøa i fødeinstitusjonane, representantar frå kommunane og tillitsvalde.

Hovudelementa i planen er:

- å beskrive områder for forbedring og gjere greie for kva tiltak som bør setjast i verk i kommunar og sjukehus for å implementere dei nye kvalitetskrava
- å sikre eit tettare samarbeid mellom helseføretaka i Helse Vest og dei ulike samarbeidspartnarane som er involverte i svangerskaps- og barselomsorga i kommunane
- å møte eit aukande behov for å tilpasse tenestene til kvinner og familiar som er sårbare
- å vidareutvikle eksisterande rutinar, god informasjon og kommunikasjon mellom helseføretaka og kommunane i opptaksområdet
- å oppnå ei enno betre svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes):

1. Regional plan for heilskapleg svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg blir lagt til grunn for vidareutvikling av tilbodet innan svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga i Helse Vest.
2. Den regionale planen blir sendt til Helse- og omsorgsdepartementet.

125/10 B Lokalisering av regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling

Oppsummering:

Styret i Helse Vest RHF har vedteke å etablere eit regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling, og det er sett av 4 mill. kr til føremålet. Det blei utarbeidd eit mandat for senteret, og alle helseføretaka og Haraldsplass Diakonale Sykehus blei inviterte til å søkje om å få etablere kompetansesenter. Helse Vest RHF mottok søknader frå Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus i partnerskap med Helse Bergen HF. Helse Vest RHF har henta inn eksterne vurderingar av søknadene frå tre fagpersonar. På grunnlag av desse

vurderingane, søknadene og mandatet, blir det her tilrådd at det regionale kompetansesenteret for eldremedisin og samhandling blir lokalisert til Helse Stavanger HF.

Helse Vest RHF har mottatt tre søknader, og bedt tre eksterne fagpersonar om å vurdere søknadene.

På grunnlag av søknaden og fagfellelvurderingane blir det ikkje tilrådd å lokalisere kompetansesenteret i Helse Fonna.

Søknadene frå Helse Stavanger og HDS/Helse Bergen blir vurdert som like gode, men med ulike sterke og svake sider. Det er derfor eit vanskeleg val.

I ein situasjon der det er fleire likeverdige søkjarar, kan det òg vere aktuelt å sjå til fordelinga av regionale oppgåver i regionen.

På denne bakgrunnen blir det foreslått at det regionale kompetansesenteret blir tildelt Helse Stavanger. Det er da lagt vekt på at søknaden frå Helse Stavanger blir vurdert som sterkast på samhandling med primærhelsetenesta, og at det er ønskjeleg å fordele regionale oppgåver mellom helseføretaka.

Tildelinga skjer under føresetnad om at det blir lagt stor vekt på å inkludere heile regionen i arbeidet med å byggje opp kompetansesenteret.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok å etablere det regionale kompetansesenteret for eldremedisin og samhandling i Helse Stavanger HF.
2. Helse Stavanger HF må leggje stor vekt på å inkludere heile regionen i arbeidet med å byggje opp kompetansesenteret. Det blir særleg viktig å trekkje inn dei sterke og breie fagmiljøa i Bergensområdet, og kompetansen i Helse Fonna knytt til Helsetorgmodellen. Ei særleg utfordring vil òg vere knytt til å ivareta Helse Førdes behov, ettersom Helse Førde har ønskt ei lokalisering i Bergensregionen. Helse Stavanger må også sørgje for at breidda i den aldersmedisinske tilbodet blir ivareteken.
3. Styret i Helse Vest RHF føreset at Helse Stavanger HF forpliktar seg til å satse på og prioritere det regionale kompetansesenteret, og ber om at dette blir stadfesta av styret i Helse Stavanger HF.
4. Kompetansesenteret skal evaluerast etter to år i drift.

126/10 B Status for kvalitetssatsinga i Helse Vest

Oppsummering:

Kvalitetssatsinga i Helse Vest er eit langsiktig arbeid som er forankra i Helse2020 og tidlegare styresaker (sak 117/05 og 124/08). Arbeidet i kvalitetssatsinga er bygd opp rundt fire hovudområde:

- kunnskap som grunnlag for fagleg verksemd
- pasientfokus for å møte pasientane og pasientane sine behov på ein god måte
- pasienttryggleik – redusere risiko for utilsikta hendingar
- måling av resultat som grunnlag for forbetring og for å vise fram at spesialisthelsetenesta leverer det samfunnet ønskjer

I tillegg føreset satsinga arbeid med internkontroll og risikostyring.

Innanfor alle dei fire hovudområda blir det gjennomført felles regionale prosjekt på sentrale tema. I 2011 tek ein sikte på å ha i gang 11 regionale prosjekt. Eit hovudansvar for prosjektgjennomføring blir lagt til eitt av helseføretaka (pådrivaransvar), og det er eit mål at alle helseføretaka deltek i alle prosjekta. Dei private ideelle avtaleinstitusjonane deltek i fleire av prosjekta. Det regionale helseføretaket har ei koordinerande rolle.

Vidare er strategiske tiltak for å stimulere til kulturbygging og læring i heile regionen ein vesentleg del av kvalitetssatsinga. Til dømes blir det arrangert ein årleg regional kvalitetskonferanse. I det vidare arbeidet blir det viktig å synleggjere resultat frå prosjekta og leggje til rette for at kunnskap frå prosjekta blir teke i bruk i pasientbehandlinga.

Dei siste åra har det kvart år vore sett av til saman om lag 15 mill. kr til arbeidet. I denne saka blir det gjort greie for status for arbeidet hausten 2010, og for korleis midlane blir planlagt brukt i 2011.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering og slutta seg til retning og opplegg for kvalitetsarbeidet i Helse Vest.

127/10 B Oppnemning av nytt medlem i Regionalt brukarutval i Helse Vest

Oppsummering:

Brukarutvalsmedlem Renate Berg, Norges Handikapforbund/SAFO Sogn og Fjordane har bede om å bli friteken frå vervet sitt som representant i det regionale brukarutvalet i Helse Vest. SAFO Vest ønskjer at Solfrid Fossberg frå Norges Handikapforbund/ SAFO Sogn og Fjordane skal overta vervet frå og med 1.1.2011 til periodeslutt hausten 2012. Denne endringa vil ikkje føre med seg endringar i representasjon i forhold til organisasjonstilhøyre, geografisk fordeling eller kjønn. Solfrid Fossberg er i dag brukarrepresentant i det lokale brukarutvalet i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Solfrid Fossberg, SAFO/Sogn og Fjordane, går inn som medlem i det Regionale brukarutvalet i Helse Vest frå 1.1.2011. Ho erstattar Renate Berg, SAFO/Sogn og Fjordane.

128/10 B Revisjonsrapport - Arbeidsplanlegging - MOT-prosjektet)

Oppsummering:

Denne saka vart behandla av revisjonskomiteen 18.10.2010. Det er frå møtet i revisjonskomiteen notert at tidlegare innleidd internrevisor Svein Sivertsen frå Deloitte orienterte om prosjektrapporten. Komiteen drøfta saka og noterte seg blant anna den utfordringa føretaksgruppa har med å dokumentere sine effektivitetsgevinstar. Komiteen ønskjer å komme tilbake til dette ved seinare høve, blant anna ved utarbeiding av ny revisjonsplan.

Revisjonskomiteen gjorde følgjande vedtak (samrøystes):

"Revisjonskomiteen tek rapporten til orientering og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk. Revisjonsrapport sendes styret til orientering."

Revisjonskomiteen si innstilling til vedtak:

Styret tek rapporten til orientering og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Styremedlem Aslaug Husa fremma følgjande forslag til vedtak:

1. Styret tek rapporten til orientering
2. Styret stillar likevel spørsmål med nokre av konklusjonane i rapporten og tiltak som er føreslått

3. Styret i Helse Vest RHF understrekar at etablerte spelereglar for medverknad mellom tilsette og arbeidsgjevar og blir praktisert knytta opp til behandling av internrevisjonsrapportar
4. Styret ber om å bli orientert om det vidare arbeidet

Votering:

Styret stemte først over Aslaug Husa sitt forslag til vedtakspunkt 1, 3 og 4. Vedtakspunkta blei samrøystes vedteke.

Styret stemte deretter over Aslaug Husa sitt forslag til vedtakspunkt 2. Vedtakspunktet fekk ein stemme (Aslaug Husa) og falt.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapporten til orientering
2. Styret i Helse Vest RHF understrekar at etablerte spelereglar for medverknad mellom tilsette og arbeidsgjevar og blir praktisert knytta opp til behandling av internrevisjonsrapportar
3. Styret ba om å bli orientert om det vidare arbeidet

129/10 B Revisjonsrapport - Leveranse av helsepersonellvikarar

Oppsummering:

Instruks for revisjonskomiteen og internrevisjonen er behandla i møte i revisjonskomiteen 15.11.2010. Revisjonskomiteen drøfta forslaga til reviderte instruksar og gjorde enkelte endringar i møtet. Komiteen ber om å bli orientert om den praktiske oppfølging (rutinar, flytskjema) på neste møte.

Revisjonskomiteen fatta følgjande vedtak:

Revisjonskomiteen innstiller til styret om å vedta instruks for revisjonskomiteen og internrevisjonen.

Revisjonskomiteen si innstilling til vedtak:

Styret tek rapport frå internrevisjon om leveranse av helsepersonellvikarar til orientering og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som er sett i verk.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapport frå internrevisjon om leveranse av helsepersonellvikarar til orientering og påpeikar dei manglar som framkommer og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som er sett i verk.

130/10 B Instruks for revisjonskomiteen og internrevisjon

Oppsummering:

Instruks for revisjonskomiteen og internrevisjonen er behandla i møte i revisjonskomiteen 15.11.2010. Revisjonskomiteen drøfta forslaga til reviderte instruksar og gjorde enkelte endringar i møtet. Komiteen ber om å bli orientert om den praktiske oppfølging (rutinar, flytskjema) på neste møte.

Revisjonskomiteen fatta følgjande vedtak:

Revisjonskomiteen innstiller til styret om å vedta instruks for revisjonskomiteen og internrevisjonen.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner instruks for revisjonskomite og internrevisjonen i Helse Vest.

131/10 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 18.oktober 2010

Oppsummering:

Revisjonskomiteen i Helse Vest RHF hadde møte i Stavanger 18.10.2010. Protokoll frå møter i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 18.10.2010 til orientering.

132/10 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF den 15.november 2010

Oppsummering:

Revisjonskomiteen i Helse Vest RHF hadde møte i Stavanger 15.11.2010. Protokoll frå møter i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 15.11.2010 til orientering.

133/10 B Eventuelt

Orientering om status i høve til anskaffing av tenester innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB) frå private ideelle leverandørar og den vidare prosessen med handtering av klagar og overgangsordningar (TSN)

Styret blei orientert under AD si orientering pkt 3.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 10.11.10 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikk for psykisk helsevern, Seksjon for spesialisert behandling 6.-7. oktober 2010"
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 21.10.2010 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk Haugesund sjukehus"
- Brev frå ordførarane i samarbeidande kommunar i Sunnfjord og Sogn, dagsett 16.11.2010 "Invitasjon til møte om Helse Førde 17.12.10"

- Brev frå Næringslivet i Nordfjord til Helse Vest RHF, dagsett 16.11.2010 "Bekymringsmelding Nordfjord Sjukehus"
- Brev frå Eid kommune til Helse Vest RHF, dagsett 15.11.2010 "Møtet mellom Helse Vest og Nordfjord-kommunane den 02.11.2010 - Oppsummering av spørsmål"
- Brev frå Aksjonsgruppa for et godt helsetilbod i Sogn og Fjordane, dagsett 10.11.2010 "Sjukehusstilbodet i Sogn og Fjordane"
- Brev frå Bygdekvinnelaga i Kjølisdalen, Stårheim og Haugen-Dalen i Eid kommune, dagset 3.11.2010 "Nedlegging av sjukehus"
- Brev frå kommunelege i Vågsøy kommune til Helse Vest RHF, dagsett 30.10.10 "Sammenstilling - planar for svangerskaps-, fødsel- og barselomsorga i helseforetaka og organisering av arbeidet"
- U Off Offl § 13 fvl §13 - Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Curato Røntgen/Sentrum Røntgeninstitutt, dagsett 01.12.2010 "Tilsynssak Curato/Sentrum Røntgeninstitutt, Stavanger"

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Brev frå HOD til RHF-a, dagsett 23.11.10 "Anmodning om redegjørelse fra de regionale helseforetakene - fristbrudd og ansvar"
- Brev frå Helse Vest RHF til HF-a, dagsett 23.11.10 "Ekstra tiltak for pasienter som er i fristbrudd"
- Brev frå Advokatfirmaet Harris til Helse Vest RHF, dagsett 16.11.2010 "Gavebrev av 7. januar 1950 – Plikt til å undersøke om institusjon vil overta drift av Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Helse Vest RHF til Advokatfirmaet Harris, dagsett 23.11.2010 "Gavebrev av 7. januar 1950 – Plikt til å undersøke om institusjon vil overta drift av Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Eigersund kommune til Helse Vest RHF, dagsett 17.11.2010 "Helse Vest sitt tilbud til rusavhengige i Dalanere regionen"
- Brev frå Helse Vest RHF til Eigersund kommune, dagsett 22.11.2010 "Svar på brev om Helse Vest sitt tilbud til rusavhengige i Dalanere regionen"
- Brev frå Askøy kommune til Helse Vest RHF, dagsett 12.11.2010 "Askøy Blå Kors Klinikk – Oppsigelse av avtale"
- Brev frå Helse Vest RHF til Askøy kommune, dagsett 18.11.2010 "Svar på brev om Askøy Blå Kors Klinikk"
- Brev frå byprest Rune Skøyen til Helse Vest RHF, dagsett 10.11.2010 "Nedlegging av virksomheter for rusavhengige i Helse Vest"
- Brev frå Helse Vest RHF til byprest Rune Skøyen, dagsett 18.11.2010 "Svar på brev vedrørende kjøp av tjenester innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB)"
- Brev frå Crux Kirkens sosialtjeneste til Helse Vest RHF, dagsett 12.11.2010 "Vedrørende anbud og nedleggelse av behandlingsvirksomheter"

- Brev frå Helse Vest RHF til Crux Kirkens sosial-tjeneste, dagsett 19.11.2010 "Svar på brev vedrørende kjøp av tjenester innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB)"
- Brev frå Crux Kirkens sosialtjeneste til Helse Vest RHF, dagsett 21.11.2010 "Vedrørende anbud og nedleggelse av behandlingsvirksomheter – Takk for svarbrev"
- Brev frå Rio Vest til Helse Vest RHF "Nedlegging og omorganisering av rustjenesten i Rogaland"
- Brev frå Helse Vest RHF til Rio Vest, dagsett 17.11.2010 "Svar på brev med spørsmål om nedleggelse og omorganisering av rus i Helse Vest"
- Brev frå Nordfjordrådet til Helse Vest RHF, dagsett 16.11.2010 "Innspel i samband med Helse Vest si handsaming av HF sin strategiplan for 2020 og HF sin områdeplan for svangerskaps-fødsels-ogbarselomsorg"
- Brev frå Det regionale brukarutvalet i Helse Vest til Helse Vest RHF, dagsett 17.11.2010 "Mangel på kommunikasjon mellom pasient og helsepersonell"
- Brev frå stortingsrepresentant Åge Starheim til Helse Vest RHF, dagsett 23.11.2010 "Vedrørende sak som skal handsamast på styremøte i Helse Vest 1. desember"
- Kopi av brev frå Bengt Georen, kommunelege i Måløy til Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 26.11.2010 "En ny sykehusmodell – forslag om forsøksvirksomhet"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Jæren DPS, dagsett 15.11.10 "Varsel om tilsyn ved Jæren DPS, Post K1 og K2 håndtering av selvmordstruede pasienter"
- Brev frå Sandnes kommune til Helse Vest RHF, dagsett 23.11.10 "Vedrørende oppsigelse og nedleggelse av behandlingsplasser for rusavhengige. Tilbakemelding og vurdering av konsekvenser for Sandnes kommune"
- Kopi av brev frå Nordfjordrådet til Helse- og omsorgsdepartementet, dagsett 26.11.10 "Forslag frå Helse Vest om alternativ modell for Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Nordfjordrådet til Helse Vest RHF, dagsett 26.11.10 "Forslag frå Helse Vest om alternativ modell for Nordfjord sjukehus"
- Brev frå advokatfirmaet Harris til Helse Vest RHF, dagsett 29.11.10 "Bevaring av Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Gjesdal kommune til Helse Vest, dagsett 25.11.10 "Nedleggelse av behandlingsplasser for rusavhengige – konsekvenser for tilbudet til brukere i Gjesdal kommune"
- Fråsegn frå kommunejordmødrene i Nordfjord, dagsett 11.11.10 "innspel til områdeplan for svangerskaps- fødsels og barselomsorga i Helse Førde"
- Brev frå Lansforeningen for pårørende innen psykiatri til Helse Vest, dagsett 20.11.10 "Helse Vest må stoppe nedlegging av tilbod innan psyisk helsevern i Helse Førde"

Ref. Torunn Nilsen

01.12.2010

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa